



Utval: Formannskap
Møtestad: Kommunestyresalen Kommunehuset
Dato: 07.09.2016
Tid: 08:30

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 33/16	Referatsaker
RS 19/16	Orientering frå administrasjonen
RS 20/16	Økonomigjennomgang
RS 21/16	Budsjettdrøftingar
RS 22/16	Endringar i vallova - brev til kommunar og fylkeskommunar om ikrafttredelse av vedtak
RS 23/16	Endringar i inndelingslova og kommunelova
PS 34/16	Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark - prosjekt

Fyresdal 1. september 2016

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 33/16 Referatsaker

RS 19/16 Orientering frå administrasjonen

RS 20/16 Økonomigjennomgang

RS 21/16 Budsjettdrøftingar



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Fylkesvalgstyrene
Valgstyrene

Deres ref

Vår ref

Dato

16/2856-5

17.06.2016

Orientering om endringer i valgloven

Stortinget vedtok 13. juni 2016 flere endringer i valgloven som vil få innvirkning for gjennomføringen av stortingsvalget 2017. Endringene trer i kraft 1. juli 2016. Departementet gjør valgstyrene i kommunene og fylkesvalgstyrene oppmerksom på at følgende endringer er vedtatt:

Elektronisk avkryssing i manntall på valgdagen

Elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen innføres nå som et permanent, frivillig tilbud til alle kommuner. Alle kommuner som ønsker det, kan benytte seg av ordningen under stortingsvalget 2017. Oppfølgingen av dette vil skje av Valgdirektoratet, som er ansvarlige for opplæringen i EVA. Det vil bli forskriftsfestet en beredskapsprosedyre lik den som allerede benyttes under forhåndsstemmegivningen.

Endret frist for godkjenning av forhåndsstemmer

Fristen for å godkjenne forhåndsstemmer flyttes fra valgdagen kl. 21 til *tirsdag etter valgdagen kl. 17*. Fristen for å søke seg innført i manntallet flyttes tilsvarende. Fristendringen skal sikre at flest mulig forhåndsstemmer avgitt innenfor lovens frister teller med i valgoppjøret.

Todagersvalg

Kommunestyret kan selv vedta at det kan holdes valg på søndag før valgdagen. Det er ikke lenger mulig å vedta et slikt forslag med mindretall i kommunestyret. Vedtaket må treffes senest samtidig med budsjettet for det året valget skal holdes.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Sissel Lian

I tillegg er det gjort en presisering av valglovens regler for fritak for kandidater ved fylkestings- og kommunestyrevalg, som understreker at kandidatene ikke kan kreve seg fritatt etter at de har blitt valgt.

Med hilsen

Siri Dolven (e.f.)
avdelingsdirektør

Sissel Lian
rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Kommuner og fylkeskommuner

Deres ref	Vår ref	Dato
	15/581-110	17.06.2016

Endringer i inndelingslova og kommuneloven - ikraftsetting fra 1. juli 2016

1. INNLEDNING

Stortinget vedtok 13. juni 2016 forslag til lov om endringer i inndelingslova og kommuneloven. Vedtaket bygger på forslaget i Prop. 76 L (2015–2016) Endringer inndelingslova og kommuneloven (behandling av kommunesamanslåingar mv.) som ble fremmet av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 18. mars 2016. Forslagene var på høring i perioden juni–oktober 2015. Vedtaket til lov ble sanksjonert av Kongen i statsråd 17. juni, og det ble samtidig besluttet at endringene trer i kraft fra 1. juli 2016.

2. DE NYE REGLENE SOM TRER I KRAFT FRA 1. JULI

Nedenfor gis en kortfattet omtale av lovendringene som trer i kraft fra 1. juli. Vi viser til Prop. 76 L (2015–2016)¹ for ytterligere omtale og utredning av lovendringene.

Lovendringene gjelder for både kommuner og fylkeskommuner. "Kommune" benyttes som en fellesbetegnelse for både kommuner og fylkeskommuner, hvis ikke noe annet framkommer av sammenhengen.

¹ Se <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-76-l-20152016/id2480122/>

2.1 Nye regler i inndelingslova

2.1.1 *Deling og grensejustering*

Departementet kan fastsette at endring av grensene til et område skal behandles som en grensejustering, dersom området har en mindre del av innbyggerne i en kommune eller et fylke som skal legges til andre kommuner eller fylker etter lovens § 3 andre ledd bokstav b. Den nye regelen innebærer blant annet at det blir mulig å justere grensene i sammenheng med en kommunesammenslåing (§ 3 tredje ledd, nytt tredje punktum).

2.1.2 *ROBEK-status ved kommunesammenslåinger*

Dersom en eller flere kommuner som skal slå seg sammen er innmeldt i ROBEK-registeret, blir ikke den nye kommunen automatisk meldt inn i ROBEK-registeret. Departementet kan fram til sammenslåing blir satt i verk bestemme at den nye kommunen skal meldes inn i ROBEK dersom det fremdeles er behov for å kontrollere økonomien i den nye kommunen (ny § 16a og § 60 nr.1 ny bokstav e i kommuneloven).

2.1.3 *Kommunesammenslåing og forkjøpsrett til aksjer*

Når aksjer går fra en kommune til en annen i forbindelse med sammenslåing eller deling, blir forkjøpsretten etter aksjeloven ikke utløst (ny § 16b).

2.1.4 *Nytt kommunestyre etter sammenslåing*

Kongen kan gi unntak fra reglene om kommunestyreperioden og sammensetning av kommunestyret, ved at de valgte kommunestyrene velger det nye kommunestyret i den sammenslåtte kommunen av og blant sine medlemmer. Forslaget er en kodifisering av praksis ved tidligere sammenslåinger (§ 17 andre ledd ny bokstav e).

2.1.5 *Fullmakt til å gjøre unntak fra kravet til felles kommunestyremøte*

Departementet kan gi unntak fra kravet om felles kommunestyremøte når det er gjort vedtak om sammenslåing. Dette gjelder tilfeller der kommunestyrene allerede har gjort alle nødvendige vedtak (§ 25 nytt fjerde punktum).

2.1.6 *Oppretting av fellesnemnd i parlamentarisk styrte kommuner*

I parlamentarisk styrte kommuner kan også medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd velges til fellesnemnda som skal opprettes for å ta seg av forberedelsene til sammenslåing eller deling av kommuner eller fylkeskommuner (§ 26 første ledd).

2.2 Nye regler i kommuneloven

2.2.1 *Krav til kunngjøring av møter i folkevalgte organ*

Det klargjøres at kravet til å kunngjøre møter i folkevalgte organer også gjelder for møter som sannsynligvis vil bli holdt for lukkede dører. Videre klargjøres det at kravet til å kunngjøre møter også gjelder for folkevalgte organ i kommunale foretak og det stilles krav til at

innkalling til møter i folkevalgte organ i kommunale foretak skal inneholde en sakliste (§ 29 nr.4, § 32 nr. 3, § 68 nr. 2).

2.2.2 Styring av kommunale foretak i parlamentarisk styrte kommuner

Kommunestyret i parlamentarisk styrte kommuner kan velge å delegere styringen av kommunale foretak til kommunerådet eller byrådet, som kan delegere myndigheten videre til den enkelte fagbyråden (§ 62. nr. 2, § 70 nytt femte punktum).

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Tonje Areng Skaara
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Kopi:

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder
Fylkesmannen i Buskerud
Fylkesmannen i Finnmark
Fylkesmannen i Hedmark
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Nordland
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Oslo og Akershus
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Troms
Fylkesmannen i Vestfold
Fylkesmannen i Østfold

Kommunesektorens organisasjon

**Saksframlegg****Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark - prosjekt**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Arbeidsmiljøutvalet	11/16	05.09.2016
Hovudutval for plan og miljø	36/16	06.09.2016
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	34/16	01.09.2016
Formannskap	34/16	07.09.2016
Administrasjonsutvalet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret.

Dokument i saka:

- K.sak 02/15: Kommunereform – Fyresdal kommune si framtid
- K.sak 22/15: Deltaking i forprosjekt – endra mandat
- K.sak 28/15: Forhandlingsutval i samband med kommunereforma
- K.sak 45/15: Utviding av forhandlingsutval i samband med kommunereform
- K.sak 08/16: Samarbeid eller samanslåing av kommunane Fyresdal og Tokke
- Fakta og vurderinger omkring kommunestruktur i Telemark (TF-notat nr. 9/2004)
- Kommunereforma – forstudie for kommunane i Vest-Telemark
- Regional analyse for Vest-Telemark 2014 (TF-notat nr. 79/2014)
- Kommunestruktur i Vest-Telemark (TF-rapport nr. 374-2015)
- www.vest.telemark.no – kommunestruktur i Vest-Telemark

Vedlegg i saka: *(desse ligg i dropboxen – kommunestyret)*

- 1 Prosjektspesifikasjon - interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark
- 2 Oppsummering av spørjeundersøkinga i Vest-Telemark
- 3 Interkommunalt samarbeid - lokaldemokratisk styring og kontroll
- 4 Samla oversyn over interkommunale samarbeid der Vest-Telemarkkommunane er med

Bakgrunn for saka:

Med unntak av Vinje kommune som ikkje gjekk inn på eit forprosjekt om ein Vest-Telemark kommune har dei andre kommunane gjort vedtak om eit senarie to om det ikkje vart kommunesamanslåing der det heiter: "Oppretthalde alle kommunane, med ei forplikting til meir interkommunalt samarbeid".

Som del av forprosjektet vart det sette ned interkommunale arbeidsgrupper som vart delt i fem ulike fokusområde:

- Økonomi
- Samfunnsutvikling
- Mynde og overordna styring

- Tenester
- Demokrati

I dette arbeidet deltok tilsette, tillitsvalde og hovudverneombod frå alle seks kommunane.

Vest-Telemarkrådet (VTR) har søkt og fått 1 mill. kr i skjønsmidlar til eit prosjekt knytt til betre kontakt mellom VTR og kommunane.

Rådmennene stiller seg positive til å sjå nærare på ein gjennomgang av det interkommunale samarbeidet og har laga prosjektspesifikasjon for å gjere dette som er lagt ved saka.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 - 2019/måla i budsjettet for 2016 der det heiter; Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.

Rådmennene legg til grunn at ingen kommunar skal tape på ei utviding av det interkommunale samarbeidet og at samarbeid blir omfordelt mellom kommunane. Rådmennene legg vidare til grunn at det ikkje skal vere ei forplikting til å delta i eit interkommunalt samarbeid og at det ikkje skal vere naudsynt at alle seks kommunane skal samarbeide, men at det og kan finnast gode løysingar der to eller fleire kommunar samarbeider.

Telemarksforsking har som del av prosjektplan gitt av VTR utarbeida rapport (TF-rapport nr. 374-2015) om ulike alternativ for kommunestruktur i Vest-Telemark der interkommunalt samarbeid på tenesteområde er ein del av oppdraget gitt av VTR. Telemarksforsking har gjennomført ei spørreundersøking om interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark der oppsummering av denne ligg lagt ved saka.

Telemarksforsking har m.a. oppsummert slik etter spørreundersøkinga:

Korleis samarbeida fungerer i dag, og kva for fordelar og ulemper det er med dei, var tema i intervjuet som blei gjort i kommunane. Generelt er attendemeldingane at mange av tenestesamarbeida fungerer bra, men at det av og til kan vere nokre gnissingar. Det er ulike årsaker til kvifor samarbeida vart starta, men auka krav til tenestene gjennom lovar og reglar er ei grunngeving som fleire nemner.

Oppsummering av arbeidet Som dei interkommunale arbeidsgruppene har gjort innanfor fem ulike fokusområde er lagt ved saka og Telemarksforsking har i sin rapport (TF-rapport nr. 374-2015) konkludert slik:

Økonomi

Frå arbeidsgruppa som tok for seg økonomi blei det føreslått at ein kan ha samarbeid på skatt og arbeidsgjevarkontroll. Allereie i dag inngår Seljord, Vinje og Fyresdal i samarbeid om arbeidsgjevarkontroll, og Nissedal og Fyresdal har samarbeid om skatt. Vidare forslår økonomigruppa at det kan samarbeidast om kommunal skatteinnkrevjing. Dette er ei oppgåve regjeringa i fleire omgangar har freista å gjere statleg, men seinast i samband med statsbudsjettet for 2016 sa Stortinget nei til dette. Eit tredje potensielt samarbeid er løn og refusjonar. Kviteseid og Nissedal har allereie samarbeid om løn i dag. Vidare vart det peikt på høve for samarbeid på rekneskap, kommunal fakturering, spørsmål knytt til kraft, konsesjonskraft og eigedomsskatt, og dessutan i ytste konsekvens, felles økonomiavdeling. Det siste er det delte meiningar om. Gruppa hadde òg diskutert samarbeid om budsjett, men meinte dette var mindre føremålstenleg enn rekneskap. Det er viktig å ha kontroll på budsjettarbeidet som ein del av økonomistyringa.

Samfunnsutvikling

Arbeidsgruppa for samfunnsutvikling føreslo samarbeid på ei rekkje nye område. For det fyrste føreslår gruppa samarbeid om folkehelsearbeid. Gruppa meiner vidare at samarbeidet på landbruk kan utvidast. I dag har Nissedal og Kviteseid felles landbrukskontor. Innanfor landbruk kan kommunane ha felles kontrollmynde og samarbeid om forvaltning og rådgjeving. I tillegg kan samarbeid føre til auka fokus på kulturlandskapsverdien og utmarksforvaltninga. Gruppa føreslår òg at det blir etablert eit felles planforum for Vest-Telemark med vedtaksmynde.

Neste område dei føreslår samarbeid om er attføring, rehabilitering og integrering. Som vi såg under delkapittel 8.3, så er det tre ulike attføringsbedrifter i Vest-Telemark. Medan Seljord og Fyresdal har kvar sin, så samarbeider dei andre kommunane om ein. Samfunnsutviklingsgruppa meiner vidare at det vil vere gode synergjar å hente ved å samarbeide tettare om integrering, spesielt no som kommunane er bede om å busetja fleire flyktningar. Dette kan vere samarbeid om tolketenesta, trafikk-kurs og ein «praksis-pool» som gjev oversyn over mangfaldet av tilgjengelege praksisplassar i området.

Eit fjerde område for samarbeid er plan, byggesak, kart og oppmåling. I dag har Nissedal og Kviteseid felles interkommunalt plankontor. Vidare meiner gruppa at det er behov for tettare samarbeid om næringsutvikling og reiseliv, kultur, fritid og omdømme og beredskap. Mellom anna kan kommunane tene på å felles leggje til rette for høgkompetansearbeidsplassar, stimulere til investering i ny teknologi, destinasjonsutvikling med fokus på vertskapsrolla, regionale og lokale anlegg til idrett, kultursamarbeid for å dele på kompetanse og arenaer, samarbeid for å unngå dobbeltbookingar og intern konkurranse samt felles brannssamarbeid, beredskapskoordinator, trafikkovervaking og beredskap knytt til E134. Vest-Telemarkkommunane har allereie i dag felles brannsjef og førebyggjande brannvern.

Mynde og overordna styring

Arbeidsgruppa som har arbeidd med utøving av mynde og overordna styring valde å definere utøving av mynde til «område der kommunane utøver forvaltingsoppgåver i medhald av særlov (enkeltvedtak)». Innanfor denne definisjonen føreslår gruppa at ein kan etablere samarbeid om tenestekontor for sakshandsaming innan helse og omsorg, utvide nokre av samarbeida mellom Nissedal og Kviteseid, felles sakshandsaming av sosialstønad, bustønad og startlån og fleire funksjonar knytt til kommunelegen.

Tenester

Tenestegruppa har både sett på kva for oppgåver som kommunane har i dag som det kan samarbeidast om, samt oppgåver som er føreslått overført til kommunane i samband med kommunereforma.

Frå 2020 blir det innført ei plikt for norske kommunar om å tilby dagaktivitetstilbod for demente. Tenestegruppa føreslår at det kan samarbeidast både om dagtilbod, men òg om forsterka demensavdeling. Det vil sikre eit fagleg og økonomisk forsvarleg tilbod. Gruppa meiner òg at kommunane kan samarbeide om rehabiliteringssenger dersom ytterlegare ansvar vart overført til kommunane.

Eit anna lovpålagt krav som kjem, er at alle kommunar frå 2020 skal ha tilbod om psykolog. Kommunane i Vest-Telemark har tidlegare hatt felles psykolog, men det er utfordrande med så store avstandar. Gruppa føreslår derfor at ein tek sikte på to kommunepsykologar i Vest-Telemark.

Dei kan til dømes knytast til DPS i Seljord og helsemiljøet knytt til attføringsssenteret i Rauland. Frå 2017 blir det og lovpålagt med akutt hjelp-plassar for rus/psykiatri. Det kan vere aktuelt for alle kommunane å samarbeide om slike plassar.

I dag deltek alle kommunane i legevaktsamarbeid, men i tre forskjellige. Frå 1.5.2017 kjem det ny forskrift om kompetanse i denne tenesta som kommunane må innfri. Det kan vere aktuelt å sjå på endring av samarbeida på legevakt i den samanhengen. Dersom kommunane får overført ansvaret for tannhelsetenesta, så kan det vere aktuelt med felles tannhelseteneste i Vest-Telemark. Av andre oppgåver på helseområde kan det vere aktuelt med utvida samarbeid om jordmor, psykiatri/rus og kommuneoverlege. På omsorgsområdet kan det vere aktuelt med samarbeid om diabetessjukepleiar, felles butilbod for psykisk utviklingshemma og felles vikarbank for pleie- og omsorg, reinhald og fagarbeidarar. Det siste gjeld altså fleire område enn omsorg.

Av andre tenester gruppa meiner ein kan utvikle eit samarbeid på, er merkantile tenester som løn, rekneskap og arkiv, felles satsing for førebyggjande arbeid i skule, barnehage og frisklivssentral, tekniske tenester som byggesakshandsaming, plan og oppmåling og vaktsamarbeid på vatn og avløp.

Eit siste område som vart diskutert er IKT-samarbeid. Til dømes vart det nemnd velferdsteknologi, medan andre ynskjer eit meir omfattande IKT-samarbeid. Det finst døme andre stader i landet på samarbeid som er veldig omfattande, som IKT ORKIdé.²⁷ Til saman er

13 kommunar på Nordmøre og to i Romsdal med i samarbeidet. Det er organisert som eit §27-samarbeid, men har vore ynske frå fleire om å gjere det om til eit vertskommunesamarbeid. Døme på prosjekt som er gjennomført er felles innkjøp av maskin og programvare, felles opplæring, felles drift av kommunane sitt sentrale nettverk, felles e-post og tryggleiksløysingar, felles kommunikasjonsløysning (breiband), felles internett- og intranettløysing for kommunane og felles sak-/arkivsystem.

Demokrati

Lokaldemokratigruppa korta ned sitt mandat til å «vurdere/minimere ulempene for lokalpolitisk styring og kontroll ved interkommunalt samarbeid». Nokre av konklusjonane er at rådmannen er viktig for god politisk styring og kontroll, særleg i samarbeida som gjeld tenesteproduksjon.

Vidare

har kommunerevisjonen ei viktig rolle. Kwart samarbeid har sine særlege sider som tilseier at styringsmekanismane bør vurderast for kvart samarbeid. Det er altså vanskeleg å seie at ein skal

organisere alle samarbeid mellom kommunane på same måte. Vidare peiker gruppa på at utfordringa

med for mykje styring og kontroll frå den eine sida, er byråkrati og rapporteringsvelde på den andre sida.

Konklusjonane frå gruppa var at ein generelt er nøgd med styring og kontroll slik den er i dag, men den kan forbetrast. Gruppa meiner det er rom for å auke talet på samarbeid noko utan vesentlege

nye grep. Om talet på samarbeid aukar kan det bli tenleg å samle tenester (til dømes Vest-Telemark Helse IKS), men slike grep må kome som resultat av behov og nærare vurdering.

Nokre

forbetringspunkt ein må ta med seg vidare kan vere eigarskapsmeldingar, valnemnd eller andre ordningar for å sikre god styresamansetning, utvide representasjonen i ulike samarbeid med rådmennene,

samandrag av årsmeldingane til samarbeidsordningane kan/bør leggjast fram for politisk nivå i kommunane og Vest-Telemarkrådet/tinget kan få ein funksjon der alle interkommunale ordningar blir vurdert i samanheng ein gong per år slik at strategien blir vurdert jamleg. Dette er forslag som må drøftast vidare dersom kommunane går for å oppretthalde dagens struktur i kombinasjon med ei auke av det interkommunale samarbeidet. I samband med kartlegginga av interkommunalt samarbeid og overordna styring som kommunane i Vest-Telemark sjølv har hatt ansvar for, kjem det fram at ikkje alle kommunane har eigarskapsmelding. Statusen for eigarskapsmeldingane som eksisterer er usikker.

Dei største fordelane med samarbeid som blir trekt fram er auka kompetanse (spesielt på dei spesialiserte områda), økonomi og effektivitet i nokon av tenestene, større fagmiljø og mindre sårbarhet og større distanse mellom sakhandsamar og brukarane. Fleire meiner òg at samarbeid er positivt for rekrutteringa, medan andre meiner det ikkje er avgjerande.

Ulempene som vart nemnt er at styring av samarbeida kan vere krevjande. Samstundes er det ikkje alltid det er tenester det er behov for sterk styring av som det samarbeidast om. Andre utfordringar kan vere at ein får ein kultur på utsida av resten av kommunane, samarbeidet lever sitt eige økonomiske liv og samarbeid fører til flytting av arbeidsplassar.

Telemarksforskning skriv i sin rapport (TF-rapport nr. 374-2015) m.a.:

Dersom kommunane vel å halde fram med dagens struktur, er det mange område som det kan vere aktuelt å handtere gjennom interkommunalt samarbeid. Det er synt til ei rekkje aktuelle samarbeidsområde spesielt knytt til økonomi, tenesteproduksjon og samfunnsutvikling. Mesteparten av dette omfattar eksisterande oppgåver, men òg aktuelle nye oppgåver er inkludert. I sum kan ein komme opp i 30-40 nye interkommunale samarbeidsområde. Grovt sett vil motiva for samarbeid vere knytt til etablering av større og sterkare fagmiljø og kompetanse, og det å utvikle betre og meir effektive tenester.

Samstundes er det ein del utfordringar knytt til etablering av eit omfattande interkommunalt samarbeid som det er viktig å vere merksam på. Det kan vere vanskeleg å einast om nivå på

tenestene, kostnadsfordeling og lokalisering. Interkommunalt samarbeid kan ha same negative effekt på tilgjenge til tenestene som ei samanslåing. For eit interkommunalt samarbeid blir det mange samarbeidspartar å forholde seg til og samhandle med, noko som gjer at eit interkommunalt samarbeid ikkje er like effektivt samanlikna med ei kommunesamanslåing. Dersom ein kommune har behov for å gjere økonomiske innsparingar, kan det vere vanskelegare å skjere ned på dei økonomiske løyvingane til dei interkommunale samarbeida samanlikna med dei områda som er under direkte politisk styring og kontroll. Det kan da hende at ein må gjere prioriteringar som ikkje er politisk ynskjelege og som ikkje er tilpassa innbyggjarane sine behov. Ein kan med andre ord få lågare prioriteringseffektivitet samanlikna med om ein var ein kommune.

Dersom ein skal auke det interkommunale samarbeidet i betydeleg grad, vil det vere behov for å etablere eit betre system for betre politisk oppfølging, styring og kontroll med selskap og interkommunale

samarbeid. Attendemeldingane frå respondentane i kommunane tyder òg på at det interkommunale samarbeidet ikkje er uproblematisk sett frå eit demokratisk synspunkt. Omfattande interkommunalt samarbeid og selskapsorganisering vil endre politikarrolla frå forvaltningsstyring og meir over mot eigarstyring. Gjennom eigarskapsmeldingar bør det utviklast ein eigarskapspolitikk med tydelege eigarskapsstrategiar som kan nyttast for aktiv politisk styring og kontroll av selskap og interkommunale samarbeid. Eigarstyring vil òg måtte få eit sterkare fokus i folkevaldopplæringa.

Interkommunalt samarbeid kan vera eit alternativ til kommunesamanslåing, men med dagens kommunestruktur er det grunn til å vente at samarbeidsbehovet vil vera stort i framtida. Samstundes er det viktig å vera merksam på det kan vera krevjande å få til eit omfattande, effektivt og godt fungerande interkommunalt samarbeid. Det går ei grense for kor omfattande eit interkommunalt samarbeid kan vere før samarbeidsulempene blir større enn fordelane. Kor denne grensa går, er det ikkje mogleg å seie noko eksakt om, men det er klart at utfordringane blir større etter kvart som behovet for samarbeid på kommunale kjerneområde aukar. Ein kan skuve på grensa dersom ein etablerer gode system for demokratisk styring, oppfølging og kontroll av dei interkommunale samarbeida. Dette krev ressursar og kompetanse.

Kommunestyret har i sak 002/15, 22/15 og 08/16 om kommunereforma gjort vedtak om "*ei forplikting om meir interkommunalt samarbeid*" som del av kommunereforma.

Kommunestyresak 02/15:

Fyresdal opprettar arbeidsgruppe med rådmannen som sekretær. Arbeidsgruppa skal ha fylgjande medlemmer: Ordførar, varaordførar, ein representant frå Senterpartiet, ein representant frå Bygdelista, hovudtillitsvalt og hovudverneombod i kommunen. Arbeidsgruppa rapporterer direkte til kommunestyret."

Kommunestyresak 28/15:

Kommunestyret vel to politiske representantar med vara, som utgjer kommunen sitt forhandlingsutval i samband med gjennomføring av forprosjekt/ kommunereform. Forhandlingsutvalet får fullmakt til å fatte vedtak som gjeld forprosjektet og som sikrar framdrift av dette, samt forhandle fram utkast til intensjonsavtale mellom dei aktuelle kommunane. Forhandlingsutvalet skal halde kommunestyret fortløpande orientert om dei vedtak som blir fatta og ha jamnleg kontakt med det lokale arbeidsutvalet. Ordførar og Tone I. Veum frå opposisjonen er faste medlemmar i forhandlingsutvalet. For ordførar vert Christin Skansen vald som fast vara. For opposisjonen vert Lars Erik Gangsei vald som fast vara.

I kommunestyresak 28/15 – Forhandlingsutval i samband med kommunereform – vart det valt to representantar frå kommunestyret. Tokke kommune som forhandlingspart har valt tre representantar og ein bør då utvide Fyresdal sine forhandlingsrepresentantar med ein til. Eit samrøystes kommunestyre slutta seg til dette.

I kommunestyret 17. juni 2015 vart Christin Skansen vald som fast medlem i forhandlingsutvalet i samband med kommunereforma og Nils Vidar Pettersen vart nytt varamedlem.

Fyresdal kommune har hatt to utval i gang i tilknytning til kommunereforma. Desse er eit arbeidsutval og eit forhandlingsutval. Det kan neppe vere grunnlag for å halde fram med to utval og eg rår til at arbeidsgruppa som og skal halde kommunestyret løpande orientert held fram som referansegruppe etter at ny representantar blir vald for Senterpartiet og at rådmannen er sekretær for gruppa.

Konklusjon:Fyresdal kommune deltek i prosjekt for å fremje det interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark.

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg projektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann